

Møteprotokoll for Eldrerådet

Møtedato: 21.02.2017
Møtestad: Formannskapssalen, rådhuset
Møtetid: 10:00 - 11:30

Leni Dale vil orientere om:

- 1) Prosjektplan bustadsosial handlingsplan 2017-2021
- 2) Planprosessen Helse-sosial og omsorgsplan 2017-2027

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Anna K.Valle	SP	Medlem
Vendla Urdal		Medlem
Alf Sætran		Medlem
Terje Fjellanger		Utvalseiar

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Magnhild Marie Haugen		Nestleiar

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Kirsten Fjellanger		

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Margrethe Høyland

Rådgjevar Pia Syversen , prosjektleiar Line Merete Valle, rådgjevar Christian Reinshol, Line Thuen Waage og Kristin Nielsen. Pia Syversen orienterte i sak 8/17. Kristin Nielsen orienterte i sak 3/17, 4/17 og 5/17. Christian orienterte i sak 6/17 og Line orienterte i sak 7/17.

Line Merete Valle orienterte om bustadsosial handlingsplan 2017 – 2021. Skal gjennomføre behovskartlegging, utarbeide handlingsplan, avklare organisering. Dette er ein sektorplan som ikkje skal på vanleg høyringsrunde, men skal være klar, og kjem til rådet for uttale i april, og til kommunestyre i juni.

Leni Dale kjem tilbake til si orientering seinare,

Sakliste

Saknr	Tittel
001/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/17	Godkjenning av møteprotokoll
003/17	1. gangs handsaming av reguleringsplan for Nappevika småbåtanlegg - gbnr 129/4 m.fl.
004/17	1. gangs handsaming av reguleringsplan for Nedre Bergås bustadfelt - Myksvoll - gbnr 63/3, 10 m.fl.
005/17	1. gangs handsaming av reguleringsplan for Risøy hyttefelt - gbnr 81/10, 11, 49 m.fl.
006/17	1. gangs handsaming av reguleringsplan Hillesvåg bustadområde, plan-id 1263-201409
007/17	Ny 1.gangs behandling av Fonnebustvegen Gnr 108, Bnr 161 m.fl.
008/17	Prosjektmandat- lovendring om rett til sjukeheimplass-kriterium og venteliste

001/17: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent

21.02.2017 ELDRERÅDET

Innkalling og saksliste vart godkjend.

Samrøystes vedteke.

ER - 001/17 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

Innkalling og saksliste vart godkjend.

002/17: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent

21.02.2017 ELDRERÅDET

Protokoll fra møtet 22.11.2016 vart godkjend.

Samrøystes vedteke.

ER - 002/17 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

Protokoll fra møtet 22.11.2016 vart godkjend.

003/17: 1. gangs handsaming av reguleringsplan for Nappevika småbåtanlegg - gbnr 129/4 m.fl.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek Plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplanen for Nappavika småbåtanlegg, gbnr. 129/4 m.fl., med plan-ID 1263-201505, ut til offentlig ettersyn på vilkår av at følgjande først vert endra av planfremjar:

1. Føresegn § 3.1.3 vert endra frå «*Om mogleg skal det etablerast trinnfri overgang mellom BBS2 og BSB1*» til «Det skal etablerast trinnfri overgang mellom BBS2 og BSB1, og flytebrygga skal ha trinnfri utforming innanfor BBS2.»
2. Det vert lagt inn i føresegnene at det skal settast av minimum 1 parkeringsplass for rørslehemma på parkeringsplassen f_SPP.
3. Under § 3.2 i føresegnene vert areal for avfallshandtering fjerna frå område BBS2, og flytta inn under område f_SPP og § 4.4. Det vert også lagt inn i føresegnene at avfallsbil til ein kvar tid skal kunne snu inne på f_SPP. Det må verte vurdert, og eventuelt gjennomført, ei utviding av f_SPP som ein følgje av dette.
4. Under § 3.2. skal det leggjast inn ei føresegn som seier at kaiområdet til ein kvar tid skal vere fri for objekt som ikkje er omtalt i føresegnene, då kaien har funksjon som snuplass for bilar.
5. Det vert lagt inn ei ny føresegn: «Flytebrygge og/eller bølgedempar skal ikkje plasserast nærare kai og båtslipp, i område BBS2, og naust, i område BUN, enn 20 meter parallelt ut frå kaien og naustet i sørvestleg retning.»
6. Det vert lagt inn ei ny føresegn: «Flytebrygga skal ha maksimalt eitt kontaktpunkt for ilandstigning til BBS2. Dette punktet skal vere i tråd med kontaktpunktet som er vist i illustrasjonsplanen.»
7. Under rekkefølgekrav vert det lagt inn ei ny føresegn:

«Når parkeringsplassen på gbnr. 129/5, som ligg i reguleringsplanen «Nappane G.nr. 129 B.nr. 5» med plan-ID 1263-19012007 vert realisert, skal eventuell mellombels avkøyrslé frå o_SV1 til f_SPP stengast. Arealet mellom vegkanten på o_SV1 og parkeringsplassen f_SPP skal jorddekkast og såast til.»
8. Avkøyrslé til parkeringsplass og frisiktsoner i den gjeldande reguleringsplanen «Nappane G.nr.

129 B.nr. 5», med plan-ID 1263-19012007, skal leggst inn i plankartet.

9. Det vert lagt inn ei ny føresegn: «Søknad om avkøyrsløse til parkeringsplass f_SPP skal godkjennast av vegmynde i kommunen. Alle pilar i plankartet skal fjernast.»

10. Namnet på planen vert i alle dokument endra frå Nappane småbåtanlegg til Nappevika småbåtanlegg (jf. referatet frå oppstartsmøtet).

11. Plankartet skal oppdaterast med eit kartgrunnlag som viser alle eksisterande bygningar.

.....

14.12.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET

Høgre framlegg frå Thomas Larsen

Framlegg frå T. Larsen-H:

Som rådmann, men fjerne punkt 1. av vilkårene.

Rådmannen sitt framlegg minus punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå Thomas Larsen-H fekk 5 røyster og fall (H, Frp, S.H.Kjeka-Krf)

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke med utvalsleiar si dobbeltrøyst, 6 røyster (Ap, Sp, M.Knudsen-Krf, B. Risøy-Krf)

PM - 154/16 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek Plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplanen for Nappevika småbåtanlegg, gbnr. 129/4 m.fl., med plan-ID 1263-201505, ut til offentleg ettersyn på vilkår av at følgjande først vert endra av planfremjar:

1. Føresegn § 3.1.3 vert endra frå «*Om mogleg skal det etablerast trinnfri overgang mellom BBS2 og BSB1*» til «Det skal etablerast trinnfri overgang mellom BBS2 og BSB1, og flytebrygga skal ha trinnfri utforming innanfor BBS2.»

2. Det vert lagt inn i føresegnene at det skal settast av minimum 1 parkeringsplass for rørslehemma på parkeringsplassen f_SPP.
3. Under § 3.2 i føresegnene vert areal for avfallshandtering fjerna frå område BBS2, og flytta inn under område f_SPP og § 4.4. Det vert også lagt inn i føresegnene at avfallsbil til ein kvar tid skal kunne snu inne på f_SPP. Det må verte vurdert, og eventuelt gjennomført, ei utviding av f_SPP som ein følgje av dette.
4. Under § 3.2. skal det leggjast inn ei føresegn som seier at kaiområdet til ein kvar tid skal vere fri for objekt som ikkje er omtalt i føresegnene, då kaien har funksjon som snuplass for bilar.
5. Det vert lagt inn ei ny føresegn: «Flytebrygge og/eller bølgedempar skal ikkje plasserast nærare kai og båtslipp, i område BBS2, og naust, i område BUN, enn 20 meter parallelt ut frå kaien og naustet i sørvestleg retning.»
6. Det vert lagt inn ei ny føresegn: «Flytebrygga skal ha maksimalt eitt kontaktpunkt for ilandstigning til BBS2. Dette punktet skal vere i tråd med kontaktpunktet som er vist i illustrasjonsplanen.»
7. Under rekkefølgekrev vert det lagt inn ei ny føresegn:

«Når parkeringsplassen på gbnr. 129/5, som ligg i reguleringsplanen «Nappane G.nr. 129 B.nr. 5» med plan-ID 1263-19012007 vert realisert, skal eventuell mellombels avkøyrsløse frå o_SV1 til f_SPP stengast. Arealet mellom vegkanten på o_SV1 og parkeringsplassen f_SPP skal jorddekkast og såast til.»
8. Avkøyrsløse til parkeringsplass og frisisiksoner i den gjeldande reguleringsplanen «Nappane G.nr. 129 B.nr. 5», med plan-ID 1263-19012007, skal leggjast inn i plankartet.
9. Det vert lagt inn ei ny føresegn: «Søknad om avkøyrsløse til parkeringsplass f_SPP skal godkjennast av vegmynde i kommunen. Alle pilar i plankartet skal fjernast.»
10. Namnet på planen vert i alle dokument endra frå Nappane småbåtanlegg til Nappevika

småbåtanlegg (jf. referatet frå oppstartsmøtet).

11. Plankartet skal oppdaterast med eit kartgrunnlag som viser alle eksisterande bygningar.

.....

20.02.2017 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Råd for menneke med nedsett funksjonsevne meiner at det bør være HC-parkering på kaien, dette spesielt grunna avstand og nivåforskjell til inntegna/planlagt

parkeringsplass.

Samrøystes vedteke.

RMNF - 003/17 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

Råd for menneke med nedsett funksjonsevne meiner at det bør være HC-parkering på kaien, dette spesielt grunna avstand og nivåforskjell til inntegna/planlagt

parkeringsplass.

21.02.2017 ELDRERÅDET

Eldrerådet meiner det bør etablerast minst ein HC –parkeringsplass i tilknytning til kaiområdet. Jfr. bratt og lang veg til parkeringsplassen.

Samrøystes vedteke.

ER - 003/17 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

Eldrerådet meiner det bør etablerast minst ein HC –parkeringsplass i tilknytning til kaiområdet. Jfr. bratt og lang veg til parkeringsplassen.

004/17: 1. gangs handsaming av reguleringsplan for Nedre Bergås bustadfelt - Myksvoll - gbnr 63/3, 10 m.fl.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for Nedre Bergås Bustadfelt, Myksvoll, del av gbnr 63/3 og 10 m.fl. ut til offentleg ettersyn på vilkår av at følgjande først vert endra av planfremjar:

1. I føresegn §§ 1.2.2, 1.2.3 og 1.3 vert målepunkt endra frå gjennomsnittleg terreng til lågaste terrengpunkt. Ny tekst i dei tre føresegnene vert: «*Maksimal mønehøgde referert til terrenget er 9,0 meter. Høgden skal målast frå det lågaste terrengpunktet på bygningen.*» Dette må også verte endra i avsnitt 6.3.1 i planskildringa.
2. Fortau med minimum 1,5 m breidde og fast dekke skal verte lagt inn langs veg f_V1, f_V3 og f_V5. Dette skal gå fram av både plankartet, føresegner og planskildring.
3. I føresegnene skal det verte lagt inn at for gbnr. 63/32 gjeld fotavtrykket for den eksisterande bygninga som byggjegrænse.
4. I føresegn § 1.2.2 vert teksta «Samla tal bustader (nye og eksisterande) for områda er 12 stk.(...)» endra til: «*Samla tal hovudbueiningar (nye og eksisterande) for områda er 13 stk.(...)*»

19.10.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PM - 128/16 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for Nedre Bergås Bustadfelt, Myksvoll, del av gbnr 63/3 og 10 m.fl. ut til offentleg ettersyn på vilkår av at

følgjande først vert endra av planfremjar:

1. I føresegn §§ 1.2.2, 1.2.3 og 1.3 vert målepunkt endra frå gjennomsnittleg terreng til lågaste terrengpunkt. Ny tekst i dei tre føresegnene vert: *«Maksimal mønehøgde referert til terrenget er 9,0 meter. Høgden skal målast frå det lågaste terrengpunktet på bygningen.»* Dette må også verte endra i avsnitt 6.3.1 i planskildringa.
2. Fortau med minimum 1,5 m breidde og fast dekke skal verte lagt inn langs veg f_V1, f_V3 og f_V5. Dette skal gå fram av både plankartet, føresegner og planskildring.
3. I føresegnene skal det verte lagt inn at for gbnr. 63/32 gjeld fotavtrykket for den eksisterande bygninga som byggjegrænse.
4. I føresegn § 1.2.2 vert teksta «Samla tal bustader (nye og eksisterande) for områda er 12 stk.(...)» endra til: *«Samla tal hovudbueiningar (nye og eksisterande) for områda er 13 stk.(...)»*

20.02.2017 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne meiner at det skal leggjast inn rekkefølgekrav om fortau.

Det skal være universell utforma og tilgjengelig for alle.

Samsrøystes vedteke.

RMNF - 004/17 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne meiner at det skal leggjast inn rekkefølgekrav om fortau.

Det skal være universell utforma og tilgjengelig for alle.

21.02.2017 ELDRERÅDET

Eldrerådet meiner det bør opparbeidas fortau for gjennomgangsvegane. Vi meiner også at ein

tomannsbustad og to firemannsbustader bør ha universell tilkomst til 50% av bustadane.

Samrøystes vedteke.

ER - 004/17 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

Eldrerådet meiner det bør opparbeidas fortau for gjennomgangsvegane. Vi meiner også at ein tomannsbustad og to firemannsbustader bør ha universell tilkomst til 50% av bustadane.

005/17: 1. gangs handsaming av reguleringsplan for Risøy hyttefelt - gbnr 81/10, 11, 49 m.fl.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplanen for Risøy hyttefelt, gbnr 81/10, 11 og 49 m.fl. ut til offentleg ettersyn på vilkår av at følgjande først vert endra av planfremjar:

1. I føresegnene vert det lagt inn at det er totalt er tillate med maksimalt 35 naust innanfor planområdet, inkludert eksisterande naust. Nausta må verte fordelt og fastsett med maksimalt tal som er tillate innanfor kvart av delområda BUN1-8.
2. Det må anten verte lagt inn byggegrense i plankartet innanfor BUN1-8, eller det må gå fram av føresegnene at føremålsgrensa gjeld som byggegrense for BUN1-8.
3. I føresegnene vert det lagt inn at det innanfor planområdet totalt er tillate med inntil 35 båtplassar ved flytebrygge. Talet på båtplassar innanfor kvart av delområda f_VS1-7 må verte fastsett.
4. I føresegnene § 4.2.6 vert det lagt til at eventuell kaifront maksimalt kan følgje utstrekninga til nausta, innanfor dei ulike nausteområda.
5. Det vert lagt inn i føresegnene at all parkering skal skje innanfor f_SPA1-4, at det er tillate med totalt 70 parkeringsplassar innanfor planområdet. Desse skal verte fordelt og fastsett med maksimalt tal innanfor kvart av delområda f_SPA1-4. Dette må også verte oppdatert i planskildringa, samt at føremålet parkering vert brukt i tråd med nemningane nytta i plankartet.»
6. Føresegn § 5.3.2 vert endra til: «Innanfor f_SPA1 kan det verte ført opp maksimalt 1 bod eller reiskapsskur på inntil 20 m² BYA i ein etasje. Boden må ikkje verte plassert i

siktsone.»

7. All tekst på kartet må plasserast øvst og separert frå kvarandre der det er overlapping, slik at all informasjon er eintydig og lesbar.

.....

23.11.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET

Bent Risøy-Krf sa seg ugild grunna at han har tinglyste rettar i området, og deltok difor ikkje i handsaming av denne saka.

Orientering til saka v/rådgjevar Kristin Nielsen

Framlegg frå Malin Knudsen-Krf:

Rådmannen sitt framlegg med tillegg:

Vurdera å leggja til rette for opparbeiding av ei eller fleire offentleg tilgjengeleg badestrand/strender innanfor området, der det er mogeleg å oppretta toalett, grillplassar og gangsti ned til området. Vurdera å setja av areal til opparbeiding av offentleg parkering knytt til ev. badestrand.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

PM - 142/16 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplanen for Risøy hyttefelt, gbnr 81/10, 11 og 49 m.fl. ut til offentleg ettersyn på vilkår av at følgjande først vert endra av planfremjar:

1. I føresegnene vert det lagt inn at det er totalt er tillate med maksimalt 35 naust innanfor planområdet, inkludert eksisterande naust. Nausta må verte fordelt og fastsett med maksimalt tal som er tillate innanfor kvart av delområda BUN1-8.
2. Det må anten verte lagt inn byggegrense i plankartet innanfor BUN1-8, eller det må gå fram av føresegnene at føremålsgrensa gjeld som byggegrense for BUN1-8.
3. I føresegnene vert det lagt inn at det innanfor planområdet totalt er tillate med inntil 35 båtplassar ved flytebrygge. Talet på båtplassar innanfor kvart av delområda f_VS1-7 må verte fastsett.
4. I føresegnene § 4.2.6 vert det lagt til at eventuell kaifront maksimalt kan følgje utstrekninga til nausta, innanfor dei ulike nausteområda.

5. Det vert lagt inn i føresegnene at all parkering skal skje innanfor f_SPA1-4, at det er tillate med totalt 70 parkeringsplassar innanfor planområdet. Desse skal verte fordelt og fastsett med maksimalt tal innanfor kvart av delområda f_SPA1-4. Dette må også verte oppdatert i planskildringa, samt at føremålet parkering vert brukt i tråd med nemningane nytta i plankartet.»
6. Føresegn § 5.3.2 vert endra til: «Innanfor f_SPA1 kan det verte ført opp maksimalt 1 bod eller reiskapsskur på inntil 20 m2 BYA i ein etasje. Boden må ikkje verte plassert i siktsone.»
7. All tekst på kartet må plasserast øvst og separert frå kvarandre der det er overlapping, slik at all informasjon er eintydig og lesbar.

Vurdera å leggja til rette for opparbeiding av ei eller fleire offentleg tilgjengeleg badestrand/strender innanfor området, der det er mogeleg å oppretta toalett, grillplassar og gangsti ned til området. Vurdera å setja av areal til opparbeiding av offentleg parkering knytt til ev. badestrand.

20.02.2017 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne har ingen merknad til planen.

Samrøystes vedteke.

RMNF - 005/17 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne har ingen merknad til planen.

21.02.2017 ELDRERÅDET

Eldrerådet har ingen merknader til planen.

Samrøystes vedteke.

ER - 005/17 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

Eldrerådet har ingen merknader til planen.

006/17: 1. gangs handsaming av reguleringsplan Hillesvåg bustadområde, plan-id 1263-201409

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å leggje reguleringsplan for Hillesvåg bustadområde, plan-id 1263-201409, ut til høyring og offentleg ettersyn på følgjande vilkår:

1. Tillegg til § 1.1: Murar over 1,5 meter skal terrasserast og terrasse skal plantast til.
2. Byggegrense mot sjø for gbnr 196/31 og 56 vert justert til å følgje eksisterande terrengmurar og byggliv på bnr 31 og eksisterande terrengmurar på bnr 56.
3. BYA for BF1 og BF2 vert sett til 20 %. Bruksareal for bustader skal ikkje overstige 400 m².
4. Tillegg til § 1.3: Bygningane innanfor BK skal ha same takform, for å gi området eit samla uttrykk.
5. Tillegg til § 1.6: Områda skal opparbeidast med trinnfri tilkomst og minst halvparten av området skal opparbeidast med universell utforming.
6. § 1.5 må skrivast om og vise til kommuneplanen i høve utforming av naust. Byggegrense for naustet går i føremålsgrensa.
7. Tillegg til § 1.2.2: legge inn totalt antal bueningar for BF1 og BF2.
8. Omriss av planlagt bebyggelse vert teke ut av plankartet og byggegrenser justeres noko for å ta høgd for justering av bygg. Føresegn § 0.2 utgår.
9. Eksisterande bygg som er på 196/21 må visast og merkast med at det skal rivast.

.....

14.12.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET

Høgre og SP og FrP framlegg frå Thomas Larsen

Framlegg frå H, Sp, Frp v/T.Larsen-H:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak med følgjande endringer på punkt 1 og 4:

1. Tillegg til § 1.1: Murar over 1,5 meter bør terrasserast og terrasse bør plantast til
4. Tillegg til § 1.3: Bygningane innanfor BK bør ha same takform, for å gi området eit samla uttrykk.

Ap, Krf framlegg frå Hogne Brunborg

Frankegg frå Ap, Krf v/H. Brunborg-Ap:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å leggje reguleringsplan for

Hillesvåg bustadområde, plan-id 1263-201409, ut til høyring og offentleg ettersyn på følgjande vilkår:

Tillegg til § 1.1: Murar over 1,5 meter skal terrasserast og terrasse bør plantast til.

Byggegrense mot sjø for gbnr 196/31 og 56 vert justert til å følgje eksisterande terrengmurar og byggliv på bnr 31 og eksisterande terrengmurar på bnr 56.

BYA for BF1 og BF2 vert sett til 20 %. Bruksareal for bustader skal ikkje overstige 400 m².

Tillegg til § 1.3: Bygningane innanfor BK bør ha same takform, for å gi området eit samla uttrykk.

Tillegg til § 1.6: Områda skal opparbeidast med trinnfri tilkomst og minst halvparten av området skal opparbeidast med universell utforming.

§ 1.5 må skrivast om og vise til kommuneplanen i høve utforming av naust. Byggegrense for naustet går i føremålsgrensa.

Tillegg til § 1.2.2: legge inn totalt antal bueiningar for BF1 og BF2.

Omriss av planlagt bebyggelse vert teke ut av plankartet og byggegrenser justeres noko for å ta høgd for justering av bygg. Føresegn § 0.2 utgår.

Eksisterande bygg som er på 196/21 må visast og merkast med at det skal rivast

Rådmannen sitt framlegg fekk 0 røyster og fall.

Framlegga vart røysta over punkt for punkt.

Framlegg frå H,Sp og Frp pkt 1 vart sett opp mot Ap,Krf sitt framlegg pkt. 1.

Framlegget frå H,Sp og Frp fekk 5 røyster og fall.

Framlegget frå Ap, Krf vart vedteke med utvalsleiar si dobbeltrøyst, 6 røyster, (Ap, Krf)

Rådmannen sitt framlegg punkt 2 og 3 vart samrøystes vedteke.

Begge framlegga hadde same punkt 4. Samrøystes vedteke.

Rådmannen sitt framlegg punkt 5 til 9 vart samrøystes vedteke.

PM - 157/16 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å leggje reguleringsplan for Hillesvåg bustadområde, plan-id 1263-201409, ut til høyring og offentleg ettersyn på følgjande vilkår:

1. Tillegg til § 1.1: Murar over 1,5 meter skal terrasserast og terrasse bør plantast til.
2. Byggegrense mot sjø for gbnr 196/31 og 56 vert justert til å følgje eksisterande terrengmurar og byggliv på bnr 31 og eksisterande terrengmurar på bnr 56.

3. BYA for BF1 og BF2 vert sett til 20 %. Bruksareal for bustader skal ikkje overstige 400 m².
4. Tillegg til § 1.3: Bygningane innanfor BK bør ha same takform, for å gi området eit samla uttrykk.
5. Tillegg til § 1.6: Områda skal opparbeidast med trinnfri tilkomst og minst halvparten av området skal opparbeidast med universell utforming.
6. § 1.5 må skrivast om og vise til kommuneplanen i høve utforming av naust. Byggegrense for naustet går i føremålsgrensa.
7. Tillegg til § 1.2.2: legge inn totalt antal bueiningar for BF1 og BF2.
8. Omriss av planlagt bebyggelse vert teke ut av plankartet og byggegrenser justeres noko for å ta høgd for justering av bygg. Føresegn § 0.2 utgår.
9. Eksisterande bygg som er på 196/21 må visast og merkast med at det skal rivast.

20.02.2017 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ynskjer at det prioriterast å byggja fortau i heile område.

Leike og ute-opphaldsområde må vera universellt utforma og tilgjengelig for alle.

Samrøystes vedteke.

RMNF - 006/17 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ynskjer at det prioriterast å byggja fortau i heile område.

Leike og ute-opphaldsområde må vera universellt utforma og tilgjengelig for alle.

21.02.2017 ELDRERÅDET

Eldrerådet meiner det bør vera universell utforming på minst 50% av bustadane.

Samrøystes vedtek.

ER - 006/17 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

Eldrerådet meiner det bør vera universell utforming på minst 50% av bustadane.

007/17: Ny 1.gangs behandling av Fonnebustvegen Gnr 108, Bnr 161 m.fl.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for Fonnebustvegen, gbnr 108/161, plan-id 1263-201516, ut på høyring og offentleg ettersyn.

.....

23.11.2016 PLAN- OG MILJØUTVALET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

PM - 143/16 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for Fonnebustvegen, gbnr 108/161, plan-id 1263-201516, ut på høyring og offentleg ettersyn.

20.02.2017 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne meiner adskomsten til bustadane må være tilgjengelig for alle.

Det må etablerast 2 stk HC-parkering i carport, dersom ein velgjer 4 bueiningar.

Samrøystes vedteke.

RMNF - 007/17 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne meiner adskomsten til bustadane må være tilgjengelig for alle.

Det må etablerast 2 stk HC-parkering i carport, dersom ein velgjer 4 bueiningar.

21.02.2017 ELDRERÅDET

Eldrerådet har ingen merknader til rådmannen sitt framlegg.

Samrøystes vedteke.

ER - 007/17 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

Eldrerådet har ingen merknader til rådmannen sitt framlegg.

008/17: Prosjektmandat- lovendring om rett til sjukeheims plass-kriterium og venteliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Levekårsutvalet godkjenner prosjektmandatet for kriterium for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskild lagt til rette for heildøgns tenester og venteliste

21.02.2017 ELDRERÅDET

Eldrerådet har ingen merknader til saka.

Samrøystes vedteke.

ER - 008/17 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

Eldrerådet har ingen merknader til saka.
